



Arkivnr: 2015/3093-12

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.03.2016

Innspel til revidering av føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Samandrag

I brev av 7. januar 2016 gir Kulturdepartementet fylkeskommunane høve til å kome med innspel til den årlege revideringa av *føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet* (V-0732) innan 1. mars 2016.

Fylkesrådmannen sende ut førespurnad om innspel frå kommunar og idrettslag i Hordaland. 10 kommunar gav gode innspel til endringar av føresegnene. Akershus fylkeskommune har samordna endringsforslag frå alle fylkeskommunane som vart drøfta av fylkeskultursjefar frå heile landet. Fleire av endringsforslaga er såleis felles frå dei fleste fylka, medan Hordaland fylkeskommune har ein del punkt i tillegg. Innspela til endring er sett opp etter same rekkefølge som dei kjem fram i *føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet*.

Fylkesrådmannen sendte 1. mars 2016 brev til Kulturdepartementet med innspel til revidering av *føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet* slik dei ligg føre i saksframlegget. Etter avtale med Kulturdepartementet vert ev. endringar i protokoll frå handsaminga i utval for kultur, idrett og regional utvikling 16. mars ettersendt.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek innspel til revidering av *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet* slik dei ligg føre i saksframlegget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
Konst fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.03.2016

I brev av 7. januar 2016 gir Kulturdepartementet fylkeskommunane høve til å kome med innspel til den årlege revideringa av *føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet* (V-0732) innan 1. mars 2016.

Fylkesrådmannen sende ut førespurnad om innspel frå kommunar og idrettslag i Hordaland. 10 kommunar gav gode innspel til endringar av føresegnene. Akershus fylkeskommune samla endringsforslag frå alle fylkeskommunane og utarbeidde ei samla framstilling som vart drøfta av fylkeskultursjefar frå heile landet i eit møte under Ungdoms OL på Lillehammer i februar 2016. I tillegg har det vore e-postkorrespondanse og drøftingar blant fylkesidrettskonsulentane for å kunne samle seg om nokre felles innspel. Fleire av endringsforslaga er såleis felles frå dei fleste fylka, medan Hordaland fylkeskommune har ein del punkt i tillegg. Innspela til endring er sett opp etter same rekkefølge som dei kjem fram i *føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet*.

Fylkesrådmannen sendte 1. mars 2016 brev til Kulturdepartementet med innspel til revidering av *føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet* slik dei ligg føre i saksframlegget. (Brevet er vedlagt.) Etter avtale med Kulturdepartementet vert ev. endringar i protokoll frå handsaminga i utval for kultur, idrett og regional utvikling 16. mars ettersendt.

Forslag til endringar i *føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet*

Innleiing – Det føreslås at det innleiingsvis ligg ein tabell der sentral info kjem fram på ein oversiktleg og pedagogisk måte, sortert etter anleggstype; Kven førehandsgodkjenner, kva anlegget skal definerast som (nærmiljø osv), økonomiske rammer for tilskot, dugnad, ev. krav til eigenkapital, krav til fysiske mål og ev. lovmessige føringar, og med referanse til avsnitt seinare i dokumentet, der anleggstype vert utfyllande omtalt.

Punkt 1.3 – Plan og bygningslova er overordna i samband med reguleringsplanar og kommunal godkjenning for anlegg for idrett og fysisk aktivitet, og tydinga av denne bør nemnast innleiingsvis. Det bør tydeliggjerast forskjellen på kommunal sakshandsaming etter plan og bygningslova og kommunal idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.

Punkt 2.2.1 – Turlag utanfor DNT bør kunne søke om spelemidlar til friluftslivstiltak. Dette er organisasjonar som har det same føremålet som turlag underlagt DNT. Dei arbeider for å få så mange som mogleg i fysisk aktivitet og tilrettelegg for det. Dette vil truleg og medføre endring i vedlegg 3.

Punkt 2.2.5 – Krav om tinglysning for turstiar, turveger og turløyper bør fjernast. Dette er anlegg som ofte går over fleire grunneigarar sine eigedommar, og kravet om tinglysning av avtalar for rett til bruk av grunn gjer at fleire av tiltaka aldri vert realisert. Det må presiseras at skriftlig avtale på 30 år framleis skal vere eit krav, og at søkjarar utan tinglyst avtale sjølv tek risikoen om anlegget ikkje oppfyller krav til drift av og disposisjon av anlegget jf. punkt 2.3.

Det bør vurderast om tiltak som planleggast innanfor områder med varig vern/sikring for eksempel gjennom «markaloven» allereie har tilstrekkeleg sikkerheit jf. punkt 2.3., og at tinglysning av avtaler derfor er unødvendig.

Punkt 2.2.8 Vedlegg 2: Det føreslås i siste setning at dette gjeld ved fornya søknad: For anlegg som er ferdigstilt, skal ein ved fornya søknad, søke på bakgrunn av kontrollert rekneskap.» Revisor har ingen ting å kontrollere mot om det ikkje finnes ein godkjend spelemiddel søknad.

Punkt 2.3.2 – Det føreslås at plikta til vedlikehald blir sterkare framheva.

Punkt 2.5.3 – Det føreslås at Kulturdepartementet framleis er godkjenningsmynde for store anlegg (symjeanlegg, kunstianlegg og nasjonalanlegg). I tillegg bør det vurderas om alle typar hallar igjen kan omfattas av dette punktet. Dette fordi ei godkjenning av slike anlegg frå kulturdepartementet blir sikra ein heilskapleg vurdering av anlegget sin idrettsfunksjonalitet og at denne vurderinga er lik for heile landet. Kulturdepartementet har den nødvendige kompetansen for å utføre dette arbeidet, det har ikkje

nødvendigvis kommunane som nå har høve for å godkjenne hallar.

Punkt 2.5.6 Almenne vedlegg

Det bør vurderast ein meir kunnskapsbasert behovsanalyse, eller minimum stillast krav til at analysen skal ta omsyn til kva anlegg den aktuelle kommunen har og manglar. Slik det er no risikerer ein at nokre område har overflod av ein type anlegg mens dei manglar andre typar. Her bør kvar kommune påleggast å jobba mot dei typane anlegg ein veit skaper mest aktivitet. Det nærmast automatikk i at eit kvar initiativ får spelemidlar, så lenge søknaden er riktig utfyllt. Kommunane bør kunne avslå spelemiddel søknadar. Etterslepet kunne kanskje og vorte mindre om ein faktisk sa nei til ein del anlegg.

Punkt 2.6.3 – Det føreslås at det vert sett på høve for at anlegg som dekker store regionale behov og har eit stort nedslagsfelt av brukarar kan få eit ekstraordinært tilskot, uavhengig av om det ligg føre ein samarbeidsavtale mellom to eller fleire kommunar. Eventuelle kriteriar for slike anlegg må avklarast og ses i samanheng med programsatsningsmidlar og andre ekstraordinære tilskot.

Eit samarbeid mellom fylkeskommune og kommune bør på lik linje med eit samarbeid mellom kommunar kunne utløyse eit ekstraordinært tilskot på 30 % etter godkjenning av Kulturdepartementet.

Punkt 2.6.5 – Under fastsette søknadssummer; Skyteanlegg – bør ha med miniatyrskytebane 15 m under «tilskot til innandørs skytebane».

«Sherpa – stiar» er kostnadskrevjande då alt vert gjort for hand til 440,- kroner timen eks mva pr arbeidar. Som oftast er det 4 manns lag som klarar 10-25 meter pr dag alt ettersom kvalitet og tilgang på stein. Transport, losji m.m kjem i tillegg. Hordaland har mange turstiar som går i bratt og ulendt terreng. Dette bør bli eit eige punkt med eige tilskot under friluftslivsplanlegg.

Punkt 3.9 – Under anleggstypar/element med rett til tilskot bør gapahuk nemnast.

Punkt 3.11 – Det føreslås at grensa på 1,2 mill kr som maksimalt tilskot til ein anleggsstad (nærmiljøanlegg) fjernast. Behovet for eit mangfald av anlegg for eigenorganisert aktivitet ved t.d. skular og idrettsparkar kan i mange tilfelle vere stort og omfattande. Denne grensa vert opplevd som ei avgrensing for å legge til rette for ønskja aktivitet.

Punkt 4.2 – Det føreslås at kommunar skal kunne søke om spelemidlar til overnattingshytter i fjellet, ved kysten og i lavlandet. Slik ordninga er nå er kan kommunar ikkje søke denne ordninga. I enkelte fylker er det slik at kommunane eig store areal langs kysten og enkelte av desse er tilrettelagt på ulike måtar. Ei opning for at kommunar skal kunne søke på denne ordninga, vil såleis sikre ein meir heilskapleg tilrettelegging.

Vedlegg 2 – Skildring: Turveier, turløyper og turstiar (frå føresegnene for 2014 og tidlegare).

Det føreslås å ta dette vedlegget inn igjen i føresegnene. Vedlegget gav ein god oversikt over dei ulike anleggstypane, og har fungert som eit godt verktøy for søkjarar, kommunar og fylker rundt planlegging og rettleiing av friluftslivsplanlegg.

Vedlegg 11 – Orienteringskart. Det føreslås at «terrengfordelingsbekreftelse» frå den O-krets kartet ligg i bør vere tilstrekkeleg som dokumentasjon i samband med ei idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.